

**Universitetet i Stavanger**  
**Utdanningsutvalet**

**MØTEBOK FRÅ**  
**MØTE I UTDANNINGSUTVALET**

Fredag 6. februar 2009  
Rom AR T-401 Styrerommet  
Kl 9.00-11.00

**Til stades:**

Egil Gabrielsen (leiar)  
Per A. Amundsen  
Rebecca Charboneau (sak 1-3)  
Aud Ellingsen  
Aasny Omdal  
Ingunn Aase  
Anne Marte Aasen

**Forfall:**

Jorunn Melberg  
Brit Hanssen  
Espen Skjoldal  
Marit Kvamme

**Frå administrasjonen:**

Kristofer Henrichsen  
Eilef J. Gard

**SAKSLISTE**

**SAK 01/09 Godkjenning av innkalling**

Innkallinga vart godkjend.

**SAK 02/09 Godkjenning av møtebok frå møte 12. november 2008**

Saksdokument: Møtebok frå møte i utdanningsutvalet 12. november 2008.

**Vedtak:**

Møteboka vart godkjend med fylgjande ny ordlyd på sak 35/08, vedtak 1 b):  
Fakultetenes tiltaksplaner for 2008 – 2009 innarbeides som eget punkt i  
institusjonsrapporten før styrebehandling.

## **SAK 03/09 Endring av forskrift om eksamen ved Universitetet i Stavanger**

Styresak til diskusjon og uttale.

Saksdokument: Utgreiing ved utdanningsdirektøren m/ vedlegg.

Utdanningsdirektøren innleia og gjorde greie for bakgrunnen for saka.

### **Vedtak:**

Utdanningsutvalet sluttar seg til framlegget til endring av forskrift av eksamen med fylgjande tilrådingar:

- Endring 5, fjerde ledd: Deltidsstudentar bør også få rett til eitt år forlenga studierett.
- Endring 5, femte ledd får fylgjande ordlyd: "For studenter som ved utgangen av et vårsemester står til rest med 30 studiepoeng eller mer, skal fakultetet snarest mulig ta kontakt med studenten og varsle at den gjeldende utdanningsplanen ikke lenger kan legges til grunn for videre studier. Varsel skal sendes senest 1. oktober."
- Endring 7, følgende setninger bør strykes: En oppgave som er levert inn på nytt bearbeidet skal føre til dårligere karakteruttelling enn om oppgaven var levert første gang. Ved innlevering av nytt emne bedømmes den som ved første innlevering.
- Omgrepet 'deltidsstudent' bør presiserast betre.
- Frist for sensur av eksamen bør vera 15 verkedagar.
- Studentar med anna morsmål enn norsk som vert tekne opp på ordinært grunnlag bør kunne nytta godkjend norsk ordbok ved eksamen.

I tillegg ber Utdanningsutvalet om at det vert lagt fram ei sak om sensur og klage med serlege vurderingar av klagerett, klageomfang og ressursbruk.

## **SAK 04/09 NOKUTs evaluering av kvalitetssystemet**

Saka vart lagd fram til orientering.

Saksdokument: Utgreiing ved utdanningsdirektøren m/ vedlegg. (Vedlegg 3e og 3f delt ut i møtet.)

I tillegg til saksdokumenta ga utdanningsdirektøren ei munnleg orientering.

### **Vedtak:**

Utdanningsutvalet tek saka til orientering.

## **SAK 05/09 Orienteringssaker**

- Nasjonalt rammeverk for kvalifikasjoner for høyere utdanning. *Vedlegg 05/09 (1a, b)*

Utdanningsdirektøren ga i tillegg ei munnleg orientering. Me avventar kvalifikasjonsrammeverket som nå er varsla å koma i nær framtid. Meldingane frå fakulteta er at dei går vidare med implementeringa av læringsutbytte i

emnebeskrivelsane. Utdanningsdirektøren tilrår at studentar vert tekne med i dette arbeidet.

- Søknader frå fakulteta om utgreiing av nye program med oppstart 2010. Utdanningsdirektøren ga i ei munnleg orientering om søknadane frå alle tre fakulteta. Desse går til rektor for godkjenning.
- Oppfølging av tiltaksplanar 2008 / 2009. Utdanningsdirektøren ga ei munnleg orientering.

Utdanningsutvalet vil verta involvert i desse tiltaka. Prorektor skal leia eit utval som skal laga ein handlingsplan for undervisning saman med prodekanane.

- Evaluering av førskolelærerutdanninga. *Vedlegg 05/09 (2)* Utdanningsdirektøren ga i tillegg ei munnleg orientering.

Denne evalueringsprossen har ein kort periode for sjølvevaluering. Sjølvevalueringa går frå oppstartseminaret 16. februar til 16. mai. Utdanningsutvalet vil verta orientert om prosessen.

**Vedtak:**

Utdanningsutvalet tek sakene til orientering.

**SAK 06/09 Eventuelt**

Det vart vist til sak 42/08: Eventuelt. Utdanningsdirektøren orienterte.

- Ei gruppe planlegg fellesseminar for LMU og UU 24. mars.
- Studentane sitt arbeidsår: Dette heng saman med det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket. Ein del av desse sakene kjem til Utdanningsutvalet i løpet av våren.
- Skikkethetsvurdering, informasjon på universitetet si heimeside: Dette vert fylgt opp av utdanningsavdelinga.

Møtet vart heva kl 10:50.

Stavanger 6. februar 2009

  
Egil Gabrielsen  
Prorektor

  
Kristofer Henrichsen  
Utdanningsdirektør